Fitjar kommune

Notat

	Vår dato:	18.11.2025
Dykkar dato:	Vår ref:	2025/1365
Dykkar ref:	Arkiv:	150
	Sakshandsamar:	Steinar Dalland

Til:	Avd.:
Utval for oppvekst og omsorg	Kommunedirektøren

Spørsmål til oppvekst og omsorg 18/11-2025 - Fysioterapi

Det vert vist til spørsmål frå representanten Aga til utval for oppvekst og omsorg 18. november 2025.

Spørsmålet er knytt til styrking av fysioterapitenesta som eit ønska tiltak.

Litt overordna om fysioterapitenesta i Fitjar kommune

Fysioterapitenesta i Fitjar kommune er organisert under eining for helsespesialistar. Ressursane er fordelt med 1 årsverk som fastløna kommunefysioterapeut og 2,2 årsverk som vert løyst gjennom private driftsavtaler. Totalt er det såleis 3,2 årsverk i kommunen si fysioterapiteneste.

Fitjar har p.t. ei dekning på 10 fysioterapeuter per 10.000 innbyggjar, dette er om lag i samsvar med landsgjennomsnittet som p.t. har ei dekning på 9,6 årsverk fysioterapi per 10.000 innbyggjar.

Tidleg innsats og førebygging

> «Strategien i økonomiplanen legg stor vekt på tidleg innsats og kvardagsmeistring. Korleis ser kommunen for seg at fysioterapitenesta skal bidra til dette, særleg for barn og unge, for å hindre framtidig funksjonsnedsetjing?»

Fitjar kommune prøver å fordele ressursane likt mellom barn og vaksne. I kvardagen må tenesta kontinuerleg prioritere mellom pasientar som er utskrivne frå sjukehus, korttidspasientar og tildeling av hjelpemiddel. Fysioterapeuten er også koordinator for fleire brukarar med samansette tenestebehov. Fleire av desse oppgåvene kan i mindre grad setjast vekk til private fysioterapeutar med driftstilskot.

I praksis kan det vera vanskeleg å sikra ei tilstrekkeleg prioritering av born som treng oppfølging og aktivitet for å fremja motorisk utvikling. Å sikra tilgang på rett kompetanse i rett omfang kan motverka trong for større hjelperessursar seinare.

Det er trong for ei vidare analyse knytt til arbeidsform for å sikra ei best mogleg nyttiggjering av tenesta.

Behov hos unge vs eldre:

> «Vi ser ei demografisk utvikling med fleire over 80 år, samstundes som behovet for oppfølging av barn aukar. Har kommunen gjort ei vurdering av om behovet for fysioterapi er størst hos eldre eller unge? Bør ein tenkja ei 50/50 ressursdeling mellom desse gruppene? «

Det er ikkje gjort ei god analyse av fordeling av fysioterapiressursar. Det vert føresett at god tilgang til fysioterapiressursar kan virka førebyggjande også for eldre. I samband med gjennomgang av driftsform innan pleie og omsorg bør dette samspelet verta nærare avklara. Fysioterapitenesta meiner p.t. at ein fordeling mellom barn og unge i storleik 50/50 vil kunne gje betre kvalitet på tenestene.

Styrking av fysioterapitenesta:

> «Det er føreslått å styrkje den kommunale fysioterapitenesta med 100 % stilling frå april 2026. Korleis er dette talet berekna, og meiner kommunedirektøren at dette er tilstrekkeleg for å møte det aukande behovet både hos eldre og barn.»

Berekninga er gjort med utgangspunkt i løn og sosiale utgifter med fråtrekk for faslønstilskot for fysioterapeuter. Fastlønstilskotet utgjorde i 2025 kr 262 584,- per årsverk.

Tabellen (2024) viser dekning av fysioterapeuter per 10 000 innbyggjar og viser fordeling mellom fastløna og driftsavtaler

Kommune	*Totalt dekning*	*Fastløn*	*Driftsavtaler*
Fitjar kommune	10	3,1	6,9
Tysnes kommune	11.4	5	6,4
Stord kommune	7,1	4	2,6
Sveio	8,7	3,5	5,2
Bømlo kommune	8,2	4,8	3,4

Fitjar kommune har valt ein modell der ein stor del av tenesta vert lagt ut til private gjennom driftsavtaler.

Dei seinare åra har kommunen styrkt ergoterapitenesta, men har ikkje styrkt fysioterapitenesta dei seinare. Sist styrking av fysioterapitenesta var i år 2000. I gjeldande helse og omsorgsplan for 2022-2032 er det lagt inn ei målsetjing om å styrka ergoterapitenesta til 1,5 årsverk og fysioterapitenesta med 2 årsverk. Tiltaket er delvis fylgt opp for ergoterapi, siste med styrking for 2025 tilsvarande 0,3 årsverk. Tiltaket er ikkje fylgt opp for fysioterapitenesta. Kommunedirektøren meiner det er trong for ei vidare analyse av det samla tenestetilbodet innan pleie og omsorg for å sei om dette vil vera tilstrekkeleg og hensiktsmessig. Per i dag vert det utarbeidd ei ekstern analyse av driftsformen vår innan pleie og omsorg. Dersom ei styrka fysioterapiteneste kan sikra at fleire mottar tenester på eit lågare tenestenivå vil styrkinga delvis kunne gjerast gjennom omprioritering av ressursar.

Tilbakemelding frå dei kommunale tenesteytarane er at behovet for tenester er aukande både for eldre og for barn og unge.

Førebyggande arbeid og rehabilitering:

> «Korleis vil kommunen sikre at fysioterapeutar får tid og ressursar til førebyggande arbeid, ikkje berre behandling, slik at vi kan utsetje behovet for institusjonsplass og samstundes gi barn tidleg oppfølging?»

Det er auke i tal brukare med rehabiliterings- og hjelpemiddelbehov, det er mindre tilgjengelege avlastnings plasser, fleire må bu heime, og det er fleire brukare med samansette behov.

Skal Fitjar Kommune ha ei berekraftig helse- og omsorgsteneste bør det også gjerast ei vurderinga av måten det samla tenestetilbodet er organisert på i dag. Ein moglegheit er å sjå på ei førebyggjande eining der fysio- og ergoterapi går inn saman med andre faggrupper. Ei slik organisering vil kunne sikre et fagleg tyngdepunkt for rehabilitering/førebygging og vil fremme god utnytting av den samla tverrfaglege kompetansen. Samt vil ei slik organisering med ulike faglege tyngdepunkt være ein ressurs og avlaste dei andre helse- og omsorgstenestene.

Å oppsøke, kartlegge, og realitets orientere innbyggaren heime vil gje ein moglegheit til å motivere til auka fysisk aktivitet, ein kan føreslå endringar for å tilrettelegga bustaden slik at ein kan bu lengre heime, samt være et brannforebyggande tiltak. For barn; Det bør også settes i gang tiltak for å auke fysisk aktivitet hjå barn og unge, aktuelle tiltak kan vera å sykra til skulen, kurs for pårørande om overvekt med vidare.

Samarbeid med privatpraktiserande fysioterapeutar

> «Fitjar kommune har i dag 2,2 årsverk hos privatpraktiserande fysioterapeutar med driftsavtale. Korleis ser kommunen for seg balansen mellom kommunalt tilsette og privatpraktiserande fysioterapeutar framover?»

Det vert i dag gjennomført samhandlingsmøter 4-5 gonger per år. I møte vert det teke opp ulike tema, under dette samarbeid og fordeling av brukarar. Kommunefysioterapeut henviser ofte brukarar til privatpraktiserande der dei kan ha nytte av behandling på institutt. Privatpraktiserande fysioterapeutar følgjer også opp einskilde heimebuande brukarar med og nokre barn.

Helse og omsorgsplan 2023-2033

> «I 2023 vedtok vi Helse og sosialplan der hovedmålsettinga er å arbeida forebyggjande. I dag ser me at det er aukande på eldre og det er auke på sårbare barn som treng oppfølging og aktivitet for å fremja sin motoriske utvikling. Med å styrka med ein ekstra fysioterapeut 100%, vil administrasjonen sei at det vil være rett med styrkinga i henhold til planen? «

Fitjar kommune har fått ein auke dei siste åra i talet på barn med ulike funksjonsnedsettelsar som treng oppfølging og aktivitet for å fremme sin motoriske utvikling og nå sitt potensiale. Dette krev at ein må samarbeide med fysioterapeuter i Helse Fonna og Rikshospitalet for oppfølging av enkelte born. Nokre av desse borna krev ukentlig oppfølging.

Å sikre rett kompetanse i rett omfang kan motverke trong for større hjelperessursar seinare i livet.

Fysioterapeut gjennomfører også screening av alle babyar ved om lag 4 månaders alder med sjekk av motorisk utvikling, symmetri, refleksar og samtale med råd og rettleiing til føresette. Dette er et forebyggande tiltak, men i fleire høve er det avdekka avvik med trong for vidare oppfylging.

Fysioterapeut deltek også i Koordinerande eining, og som koordinatorar for fleire barn. Folkehelseprofilen til Fitjar viser også ein auke i overvekt hos barn og unge, dette er ikkje prioritert.

Kommunedirektøren meiner det kan vera fornuftig å styrka denne tenesta, men meiner at det er trong for ein meir heilskapleg gjennomgang av den samla organisering av førebyggjande og helsefremjande tenester.

Med helsing

Steinar Dalland
kommunedirektør